

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2015

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag:

"Nye punkt i innstillinga:

- a) Fylkeskommunen må bruke alle anledningar mot planmyndigheit i Bergen for å sikre at bussen slepp fram med kollektivfelt.
- b) HFK skal ikkje delta i utgreiing av T-bana mellom Sentrum og Åsane som alternativ til Bybane.
- c) Rapporten om "Betre kollektivtransport og mindre bilbruk i Bergensområdet" viser at HFK og Bergen kommune ikkje har nådd eit av hovudmåla for trafikkutvikling i Bergen – samla nedgang i trafikk i bomringen. Dette er svært uheldig. Fylkestinget ber om at det blir lagt til rette for at desse måla blir nådd i neste periode.
- d) Fylkestinget ber om at det vert etablert sanntidsmåling av kø for kollektivtrafikken som ligg på nettet og som kan brukast for å berekne tids- og driftstap for busstilbodet.
- e) Fylkestinget ber om sak der mogeleg parallell utbygging av bybane til Fyllingsdalen og Åsane vert førebudd."

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Oen sitt forslag a) fekk 7 røyster (SV, A, Sp, KrF) og fall.

Oen sitt forslag b) fekk 1 røyst (SV) og fall.

Oen sitt forslag c) fekk 1 røyst (SV) og fall.

Oen sitt forslag d) fekk 1 røyst (SV) og fall.

Oen sitt forslag e) fekk 1 røyst (SV) og fall.

### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget tek Kollektivmeldinga 2014 til orientering.